

4/24. Referat frå møte i Strandebarm sokneråd

Stad: Kyrkjelydshuset

Tid: Torsdag 18.04.24 kl 19.00-21.00

Oppmøte:

Margun Mikkelsen Tordal, Tor Håkon Berge, Helena de Groen, Kjell J. Hoff, Renate Bakkely Nernes, Vetle Karlsen Eide, Lillian Fosse.

Jorunn B. Lillefosse melde forfall.

Ord for dagen ved Lillian.

Sakliste:

23/24: Godkjenning av innkalling og møtereferat

Ingen kommentarar.

24/24: Meldingar

- Urinalen på herretoalettet. Skogvoll skal sjå på den å gje ein pris på fjerning.
- Handicapparkering: Heradet har ansvar og skal merka opp att felta.
- Skjema til offergåver, gjennomgang, endringar og tilføyingar.
- Orgelnemnda har konstituert seg, SR godkjenner sum for ny orgelrapport.
- Olav Skeie Lid er innstilt av valgkomiteen.
- Fossedagar 10. mai: Roar Strømme representerer kyrkja på eit temamøte.
- Måndag 14. okt «Kvammaveko», Irene Kinunda Afriyie foredrag (psykisk helse) Kanskje

Stb sokneråd skal arrangere noko innafor same tema i «Kvammaveko» ?

- SR går inn for å skaffa nytt bord til kyrkja.

25/24: Val av referent. Jorunn er vekkrest.

Tor Håkon blei vald til å vera referent.

26/24: Evaluering av Fasteaksjonen

- Margun orienterte om fasteaksjonen nasjonalt og lokalt.
- Har bestemt at dei som leier innsamlingsarbeidet skal ta bilde av bøsseane straks før utlevering til bøsseberarane, som må signera eit skjema for å få utlevert bøssa.

NB! Ta ein gjennomgang av storleiken på rodane.

27/24: Konfirmantfest 24.april, etter samtalegudstenesta.

Mange oppgåver for soknerådet.

Tenk gjennom kva du kan bidra med: Bestilla kaker/ ev kakebaking/ handla inn mat/ kjøkenteneste/ servering/ opprydding/ vera der og hjelpa til med førefallande arbeid/

- Delegering av oppgåver i soknerådet. (høyr med Magne Kolstad om quiz)

- Margun leier- Tor Håkon lagar quiz- Margun bestiller kake- Margun handlar inn- Borddekking, pynting, kjøkkenteneste: Lillian, Renate og Helena.- Opprydding Kjell/ Olav Tombre

Program: Velkomst- Song- Bordvers- Matøkt- Ord til konfirmantane ved Margun- Quiz- Løysing og premiering

NB! Ide til neste år: Konfirmantane kan laga dikt eller liknande i førekant av festen neste år

28/24: Diverse skjema til bruk under og etter gudstenester:

- Vedtekter for kyrkjelydshuset.
- Skjema om «Offergåver i kontantar».

Vedtekter for husstyre for kyrkjelydshuset:

- Sokrerådet gjorde korrigeringar og nødvendige endringar på forslag til vedtekter som Margun hadde utarbeidd.
- Eventuelle endringar av husstyre vert gjort av soknerådet etter at nytt sokneråd trer i kraft kvart 4.år.
- Soknerådet skal utnemna ein revisor for rekneskapet for kyrkjelydshuset. Tor Håkon Berge spør Leidolv Berge.
- Husstyret skal levera revidert rekneskap for Strandebarm kyrkjelydhus til soknerådet og til Kvam kyrkjelege fellesråd.
- Soknerådet ønskjer at sitjande husstyret held fram med det gode arbeidet som dei har gjort, og gjer.
- Kjell Hoff blei vald til å vera SR sin representant i husstyret. Tor Håkon blei vald som vararepr.

29/24: Gardiner/ blending på kyrkjelydshuset. Til ev berre fremste vindaugo i storesalen, og til møterommet?

- Fleire som har hatt ansvar for tilstellingar på kyrkjelydshuset har opplevd at det er svært vanskeleg, for ikkje å seia umogleg, å visa noko på frontvegg i kyrkjelydshuset og tv på møterommet når mykje dagslys og sol kjem inn. Soknerådet vedtok at dette må gjerast noko med og innstiller at husstyret får ansvar for å skaffa skikkeleg blending av forsamlingslokalet og møterommet i Kyrkjelydshuset.
- SR går i dialog med Fellesrådet vedrørande finansiering.
- Husstyret kjem tilbake ti SR vedrørande løysingar på problemet, før innkjøp.

30/24: Instruks for kyrkjevertar.

- Gjennomgang av instruksane og oppdateringane.
- Lillian tek på seg ansvar for at det er kjeks etc til kyrkjekaffien.

31/24: Skal Strandebarm sokneråd halde fram med å arrangere konfirmant- jubileumsfest?

- SR skal høyre om det er andre, utanom soknerådet, som ønskjer å hjelpa til med arrangering av jubileumsfesten.
- Tor Håkon høyrer med Inger Karin og/eller Olav kva oppgåver SR har ift festen.

32/24: Måltidsfellesskap med spesiell invitasjon til Børsheim bedehus.

- Utset til nest SR

33/24: «Kirka vår». Vetle orienterer.

- Det er eit digitalt verktøy, Vetle vil samarbeida med AU for så å koma tilbake til SR for å vise meir kva ein kan nytte «Kirka vår» til.

Referent

Tor Håkon Berge